

Statens vegvesen
Region vest
Pb.43
6861 Leikanger

firmapost-vest@vegvesen.no

Norheimsund, 12.12.2019

Dykkar ref: Prosjekt: Regulering av Teigaberget - Rindarane Vår ref: PlanID 123820150006

Fråvikssøknad for kryss på fv49 (tidlegare fv7) ved Teigabergtunnelen på Kvamskogen.

Geoplan har utarbeidd forslag til detaljregulering, del av gnr. 19, bnr. 11, 12 og 28 m. fl. Teigaberget-Rindarane vest på Kvamskogen. Forslaget er i tråd med kommunedelplanen for Kvamskogen vedteken i 2011. Planforslaget har vore til høyring og offentleg ettersyn.

Ved høyring av reguleringsforslaget i august 2018 har Statens vegvesen varsla motsegn til planen grunngitt med omsyn til:


- Krav til avstand frå tunnelmunning til kryss.
- Krav til avstand på 20 meter frå midte Fv. 7 til næraste parkerte bil.
- Krav til byggegrense på 50 meter for byggjeområde.
- Forholda for dei mjuke trafikantane er ikkje vurdert i framlegg til plan og ROS-analysen.
- Det er lagt opp til at gang- og sykkelveg skal nyttast som tilkomstveg for om lag 190 fritidsbustadar.

Fylkesmannen har innarbeidd motsegna i samordna uttale til planforslaget i brev dagsett 17.10.2018 Ref. 2015/9497 421.4.

Det er eit ynske frå dei som fremjar planen at det vert søkt om fråvik frå aktuelt punkt i N 100 «Krav til avstand frå tunnelmunning til kryss». I den samanheng har vi laga eigen ROS-analyse for trafikk-løysingar i reguleringsforslag.

Geoplan har diskutert saka med Kvam herad. Kvam herad har forståing for at ein ønskjer å søkja om fråvik, men har tilrådd at Geoplan AS står for ein slik søknad.

Vedlagt følgjer fråvikssøknad med vedlegg.



Følgjande materiale er med i denne sendinga:


Fråvikssøknad for kryss på fv49 (tidlegare fv7) ved Teigabergtunnelen på Kvamskogen.

1. Plankart reguleringsforslag Teigaberget- Rindarane, delområde 1 og 2
2. Gjeldande reguleringsplan – E68 Kvamskogen – kartblad 11
3. Orientering om fråvik
4. Notat kostnadsoverslag
5. ROS-analyse for trafikkløysingar i reguleringsforslag
6. Vurdering av tryggleik ved sykling i tunnelane på fv7 mellom Trengereid og Norheimsund
7. Trafikkanalyse
8. Planprogram fv7 Tokagjelet
9. Utdrag frå rapport - Strekningsvise utgreiingar - overordna fylkesveggar
10. Tunnelar på fv7 strekningen Trengereid-Norheimsund
11. Trafikkulykker fv7 (E68) Kvamskogen
12. Byggegrenser mot veg
13. Høringsbrev om endra fartsgrenser

Me vonar på rask handsaming av søknaden.

Kopi vert sendt til Kvam herad og Hordaland fylkeskommune.
postmottak@kvam.kommune
post@hfk.no

Med helsing
Geoplan AS



Solveig Valland
Sivilarkitekt MNAL

